

Kor høg er ho egentleg?

02.12.2010



**Kor høg er egentleg Uskedalen sin attraksjon og stoltheit Grano?
Spørsmålet blir stilt igjen når ho skal tennast i morgon ettermiddag, men heller ikkje i år kan nokon gje det eksakte svaret.**

Det einaste ein kan svara er at ho sikkert er minst 22 meter, for under ei måling som kommunen gjorde i 2002 var ho 21 meter og 54 centimeter og sidan har ho vakse. Men når kjem neste måling?

Den permanente julegrana i Uskedalen kan trygt kallast ein lokal attraksjon og ein må heilt til Bolstadøyri lengst nord i Hordaland for å finne maken. For 5 år sidan var den permanente julegrana der 36 meter høg og ho var 30 meter høg då ho vart julegran. Vår gran var 13 meter ved den første tenninga i 1963 og ho er trulig no godt over 100 år gamal ettersom no var ein av fleire som vart planta etter at nyskulen kom i 1902. No står ingen fleire av desse granane att.

Tidlegare dirigent og formann i musikklaget Sigurd Wang hadde ideen om å gjera grana ved bautasteinen til julegran og i 1963 vart førebuingane gjort med kjøp av 30 lyspærer og pærehaldarar med ledning. Dette vart hengt opp 20. desember det året. No er det i utgangspunktet 71 pærer på grana - 70 på 25 watt og topp-pære på 100 watt. Men det er veret som avgjer kor mange pærer det går med kvart år. Det kan vera så mange som 150 !

Det er i alle år Musikklaget som i tråd med Wang sitt initiativ har hatt ansvaret for pyntinga av julegrana og slik er det også i år og veteranen Bjørgulv Eik (som var med første gongen) slo fast for uskedalen.no for stutt tid sidan at dette gjev ikkje korpset frå seg.

Ein viss usemje om tidspunktet for tenninga har det vore, men til slutt hamna ein rundt månadsskiftet.

Jula betyr i høg grad vern om tradisjonar og dette er ein av dei kjæraste tradisjonane i bygda.

Av Ola Matti Mathisen